



ÅL KOMMUNE



## Kulturplan 2019–2025

– strategisk plan for utvikling av  
kultur i Ål kommune

# Innhold



Ål kommune  
Torget 1, 3570 Ål  
Tlf: 32 08 50 00  
[www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no)

Illustrasjon framside:  
«Nye Ål kulturhus» Årstiderne arkitekter

Foto bakside:  
«Folkemusikkveka» Knut Utler

Grafisk produksjon:  
Kreator Kommunikasjon  
[www.kreator.no](http://www.kreator.no)

<b>1. KULTURKOMMUNEN ÅL .....</b>	<b>4</b>
1.1 Kulturplanen .....	4
1.2 Kommunalt planverk .....	6
<b>2. KULTUR SOM SAMFUNNSUTVIKLAR .....</b>	<b>8</b>
2.1 Norsk kulturindeks.....	8
2.2 Buskerud Fylkeskommune sin kulturstrategi.....	8
2.3 Nasjonal kulturpolitikk.....	11
<b>3. KOMMUNALE KULTURINSTITUSJONAR .....</b>	<b>12</b>
3.1 Ål kulturhus.....	12
3.2 SPRANG - Landsdelsscene for dans .....	15
3.3 Ål bibliotek .....	16
3.4 Ål kulturskule.....	17
<b>4. FRIVILLIG SEKTOR .....</b>	<b>18</b>
4.1 Utviklingstrekk .....	18
4.2 Musikk .....	19
4.3 Scenekunst .....	20
4.4 Idrettsaktivitet .....	20
4.5 Idrettsanlegg .....	22
4.6 Arrangement .....	23
4.7 Forsamlingshus .....	23
4.8 Sosialt frivillig arbeid .....	23
<b>5. KULTUR OG NÆRING .....</b>	<b>24</b>
<b>6. KULTURFORMIDLING .....</b>	<b>26</b>
6.1 Kunst og kulturformidling .....	26
6.2 Kyrkja og kulturlivet .....	27
6.3 Kulturvern og museum .....	27
6.4 Kultur og natur .....	28
<b>7. BARN OG UNGE .....</b>	<b>30</b>
7.1 Om å satse på barn og unge .....	30
7.2 Barne- og ungdomsorganisasjonar .....	31
7.3 Møteplassar og uorganisert fritid .....	31



Huckfest. Foto: Vegard Breie



Julegrantenning. Foto: Ådne Kvammen

# 1. KULTURKOMMUNEN ÅL

## 1.1 Kulturplanen

I 2010 vart det arbeidd fram ein plan for korleis Ål kommune kan nytte kulturlivet i forminga av lokal-samfunnet Ål. Kulturplan 2010-2015 vart politisk vedteken i juni 2010. I arbeidet med den nye kulturplanen har me gått gjennom målsettingar og tiltak frå

førre plan, og me ser at planen har styrka Ål kommune si gjennomføringsevne innanfor kulturfeltet. Kulturplanen er ein temaplan som dekkjer store delar av lokalsamfunnet Ål.

I arbeidet med ein ny plan har me prioritert å løfte fram nye tiltak. Dei tiltaka som er gjennomførte, er

ferdig finansierte og/eller skal vidareførast frå førre planperiode, har me valt å synleggjere i ei eiga liste.

Kulturplanen er eit strategisk verktøy for vidare utvikling av kulturlivet i kommunen. Den er difor gjort kortfatta og mål- og handlingsorientert. Prioriteringar og tidspunkt for gjennomføring vil vere knytt til årlege vedtak om budsjett og økonomiplan. Målsettingar og

tiltak under dei enkelte kapitla er ikkje prioriterte, sjølv om dei er nummererte.

Planen legg vekt på innhald, kvalitet og kreativitet i kulturlivet. Nye bygg og anlegg i kommande planperiode er ikkje prioritert, sjølv om kan bli aktuelt med nye investeringar, særleg knytt til idrettsanlegg.

## Overordna mål for kulturplan 2019 – 2025

1. Ål skal vere ein kommune der kultur blir sett på som *eigenverdi* – det vil si som ein kvalitet me legg vekt på i planlegging av tenestetilbodet i alle sektorar.
2. Vidareutvikle innhald og tilbod på Ål kulturhus.
3. Arbeide for å få desentraliserte kulturfunksjonar i Viken lagt til Ål.
4. Den *frivillige innsatsen* i kulturlivet skal stimulerast og støttast.
5. Innhaldet i kommunen si kultursatsing skal vere prega av *samhandling* med ulike aktørar i samfunnslivet.
6. *Kulturbasert næring* skal utviklast vidare.
7. Kulturlivet skal vere *for alle*.

Kunsten, kulturen og fritidstilboda skal vere både for innbyggjarane i Ål og for hyttefolk, turistar og andre tilreisande. Kommunen skal leggje til rette for at nye kulturelle aktivitetar og uttrykk vert skapt.

Det utvida kulturomgrepet ligg til grunn for planen. Det vil si at ein tenkjer både på tradisjonelle kunst- og kulturuttrykk, lag og foreiningar, det fysiske miljøet med idrett og friluftsliv, fritid og tilgrensande samfunnsområde.

Det er ei viktig utfordring å auke kulturaktiviteten blant born, unge, tilflyttarar, nye landsmenn og ei veksande gruppe av eldre. Kommunen har ansvar for tilrettelagde aktivitetar i eit folkehelseperspektiv. Det er viktig å skape forståing for at store helse- og velferdsgevinstar kjem av auka fysisk og kulturell aktivitet. Sektorane helse og kultur må vera førande i dette utviklingsarbeidet, men lokale lag og organisjonar, eldsjeler og innbyggjarar som ynskjer å setje i gang aktivitet, bør få relevant støtte frå kommunen.

Kulturplanen skal vere ein viktig reiskap i det langsiktige arbeidet med å utvikle profil og omdøme for kommunen. Som eit ledd i profilieringa vil det bli arbeidd fram prosjekt der kulturtildoda er tilpassa innbyggjarar i Ål som har vanskar med å oppsøkje plassane der ein til vanleg tilbyr kulturaktivitetar. Dette er eit nybrotsarbeid som knyter tettare band mellom kultur og helse, heilt i samsvar med kulturmeldinga «Kulturens kraft».

Arbeidet med kulturplanen er gjennomført av ei prosjektgruppe med følgjande medlemmer:

- Ola Terje Oleivsgard – leiar og saksordførar (Sektorutval for kultur og oppvekst - SUKO)
- Jan Egil Grue (SUKO)
- Ingunn Stræte (ikkje-kommunalt kulturliv)
- Anita Borrman Skoglund (leiar, Ål kulturhus)
- Gunn Marit Oleivsgard (Ål frivilligsentral)
- Hilde L. Bjørnsvik (kultursjef)

## 1.2 Kommunalt planverk

Kulturplanen byggjer på det fundamentet som er lagt i ulike kommunale planar:

1. Kommuneplan for Ål (2015-2027). I planen er det eit eige kapittel som omhandlar kultur:  
4.2. Kultur og fritid.

2. Strategisk næringsplan (2017-2020). I planen er «Næringsutvikling innan kultur og kreative næringar» eit eige satsingsområde. I tillegg har satsinga på store arrangement eit fokus i næringsstrategien.



Ål – eit sykkelendoro. Foto: Vegard Breie



Ein skal tidleg krøkast. Foto: Ådne Kvammen

## 2. KULTUR SOM SAMFUNNSUTVIKLAR

### 2.1 Norsk kulturindeks

«Ål kommune må kunne sies å være en av Norges desidert viktigste kulturmommuner. Kommunen har en bredde og et omfang på kulturlivet som få andre kommuner i landet er i nærheten av»

Norsk kulturindeks, 2018

Norsk kulturindeks er ein årleg oversikt over kulturtildot og kulturaktivitet i kommunar, regionar og fylke. Desse årlege rapportane måler pengebruk, aktivitistar, tilbod og deltaking i kulturlivet. Kulturindeksen vart lansert i 2012, og Ål har plassert seg på 2. plass fire gonger (2012, 2014, 2015 og 2017). Dette bør ålingane vere stolte av!

«Det private, det kommunale og det frivillige kulturlivet bidrar alle til å skape et svært godt tilbud. Kulturbruken er også svært høy selv om det ikke er universitet eller høgskole i bygda og uten at utdanningsnivået er spesielt høyt. Selv om det er mange strukturelle faktorer som tilsier at Ål skal ha en høy kulturaktivitet, er det mange kommuner som er i samme situasjon, blant annet nabokommunene. Ål kommune har også satset mye på kultur og bruker relativt mye kommunale midler på kultur.» (...) «Likevel ser vi at Ål gjennomgående har en høyere kulturaktivitet enn forventet i nær sagt alle kategorier.»

Norsk kulturindeks, 2018.

Kulturtildotet i Ål er unikt. Både omfang og kvaliteten på tilboden liknar på tilboden ein elles finn i byar og regionsenter. Innbyggjarane våre er mest nögde med tilbod om kino, konsert og teater. Deltakinga på tilboda er mykje høgare enn deltaking i kommunar me samanliknar oss med. Me veit at publikummet vårt bur i heile regionen, og at publikummet også inkluderer turistar og hyttehallingar.

### 2.2 Buskerud Fylkeskommune sin kulturstrategi

Kunst- og kulturstrategi for Buskerud 2019-2022 er Buskerud fylkeskommunes overordnede styringsdokument for prioriteringer og satsninger for kunst og kulturpolitikken i perioden. Strategien er også et viktig grunnlag for utviklingen av Viken fylkeskommunes kunst- og kulturpolitikk etter 2020.

Tre av kulturinstitusjonane som er omtala i planen, ligg i Ål: SPRANG – Landsdelsscene for dans, Leveld kunstnartun og Folkemusikkveka. Ål kommune deltek i eit økonomisk spleislag med fylket og staten i drifta av desse institusjonane. Fylkeskommunen er ein viktig samarbeidspart for utviklinga av kulturfeltet i Ål. I 2020 vert Buskerud innlemma i Viken fylkeskommune, og då er det viktig at Ål kommune si kultursatsing vert vidareført.



Folkemusikkveka. Foto: Knut Utler



Sommarfest Ål kulturskule. Foto: Ole Johs. Brye

## 2.3 Nasjonal kulturpolitikk

Kulturlova ligg til grunn for kulturplanen. Politiske debattar på nasjonalt nivå signaliserer at kulturlova vil bli revidert og, om mogeleg, verte meir bindande i si form. Stortingsmeldinga frå hausten 2018, «Kulturens kraft - Kulturpolitikk for framtida», er i tråd med våre satsingar:

*Kunst og kultur er ytringar med samfunnbyggjande kraft, og kulturpolitikken skal byggje på ytringsfridom og toleranse. Kulturlivet og sivilsamfunnet er føresetnader for danning og ei opplyst offentlegheit, og dermed ei investering i demokratiet. Kulturen skal vere fri, med personleg engasjement og frivilligheit som grunnlag.*

*Eit rikt og variert kulturliv er ein av føresetnadene for ytringsfridom og eit velfungerande demokrati. Når offentlegheita blir stadig meir oppdelt, kan kunst og kultur både danne, forme og styrke fellesskap og samfunnsstrukturen rundt oss. Innvandring er ei kjelde til nye impulsar og kulturutveksling. Variasjon medverkar til nytenking, innovasjon og kreativitet. Ein offensiv og målretta kulturpolitikk vil vere eit effektivt verktøy for å fremje ei positiv utvikling i samfunnet.*

I Ål kommune er kultur eit viktig verktøy for integrering og inkludering av alle innbyggjarane våre. Me konstaterer at me i Ål jobbar etter nasjonale føringer.



Julegrantenning. Foto: Ådne Kvammen

## 3 KOMMUNALE KULTURINSTITUSJONAR

### 3.1 Ål kulturhus

Ål kulturhus er det regionale kulturhuset for Hallingdal. I 2019 vart det ferdigstilt ei stor om- og utbygging som har gjort huset betre rusta for å møte framtida med moderne lokale og fasilitetar. Huset har tre amfisalar for bruk til kino, scenearrangement og dans. I tillegg vert verkskapsrolla styrka gjennom felles skrankeløysning mellom Ål kulturhus, Ål bibliotek og Ål utvikling. I nye Ål kulturhus finn me tilbod som kafé, kiosk, bibliotek, kulturskule, ungdomsrom, kunstgalleri, Nesch-museet, turistinformasjon og frivilligsentral. I tillegg har huset areal som vert nytta til undervisning, øving, utleige, møte og kulturaktivitetar.



Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Ål kulturhus skal ha ein sentral plass i utviklinga av Ål som lokalsamfunn og kulturmommune	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gi rom for aktivitetar innan kulturelt mangfold og uttrykk som ikkje er kommersielle eller lønsame</li> <li>Skape innhald og møteplassar for nye brukargrupper gjennom relevant programering</li> <li>Legge til rette for at lokale lag og foreiningar kan nytte møterom gratis i opningstida til kulturhuset</li> </ul>
2	Ål kulturhus skal vere spydspiss i marknadsføringa av Ål kommune og Hallingdal	<ul style="list-style-type: none"> <li>Synleggjere aktivitetar gjennom ulike marknadsføringskanalar som programblad og sosiale media. Marknadsføre SPRANG nasjonalt</li> <li>Vere ein sentral samarbeidspartner ved store arrangement som finn stad i Ål</li> </ul>
3	Ål kulturhus skal vere det regionale kraftsenteret for kultur og for kulturproduksjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>Delta i regionale samarbeid med Buskerud fylkeskommune/ Viken fylkeskommune</li> <li>Legge til rette for at eksisterande og nye aktørar innan kulturnæring kan ha fast tilhald på Ål kulturhus</li> <li>Styrke produksjon og formidling av folkedans og folkemusikk gjennom spesifikke tiltak, med spesielt fokus på å rekruttere unge utøvarar</li> </ul>
4	Kulturhuset skal vere ein viktig medspelar ved vidare utvikling av tilbodet ved kulturskulen, biblioteket, vaksenopplæringa og frivilligsentralen	<ul style="list-style-type: none"> <li>Årlege samarbeidsprosjekt som tek sikte på å fremje publikumsutvikling, mangfold og integrering</li> </ul>
5	Kinotilbodet skal ha breidde og tilby filmar for dei fleste målgrupper, med særskild fokus på barn og unge	<ul style="list-style-type: none"> <li>Alle skuleelevar i Ål skal få minimun ei skuleframsyning i året</li> <li>Tilrettelagde framsyningar for andre brukargrupper i samråd med ungdomsråd, eldreråd, ungdomskonsulent og andre interessegrupper</li> </ul>



Over: Backstage før framsyning. Foto: Ådne Kvammen

Under: Opningsshow for BAMA Alpinfestival. Foto: Ål kulturskule




### 3.2 SPRANG - Landsdelsscene for dans

I 2015 ga stat, fylke og Ål kommune midlar til å bygge SPRANG, ei produksjons- og visningsscene for dans på Ål kulturhus. Utbygginga av ny scene vart ferdigstilt i 2019. Scena kan huse store nasjonale og internasjonale danseproduksjonar, og er med på å setje Ål kommune, med sine lange tradisjonar innan folkedans og folkemusikk, på dansekartet. Folke-musikk og folkedans er definert av UNESCO som vår felles immaterielle kulturarv, det betyr levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap som vert overført mellom folk. Gjennom satsinga på SPRANG, har Ål fått mandat til å ta vare på og formidle folkedans frå Hallingdal spesielt, og dans generelt.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	SPRANG skal vere ei nasjonal scene for produksjon og framsyning av dans	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vidareføre prosjektleiarstilling</li><li>• Halde høg kunstnarleg profil</li><li>• Utvikle nye regionale og nasjonale samarbeid</li><li>• Legge til rette for høgskuleutdanning</li><li>• Tilby konkurransedyktige prisar på leige og pakketilbod</li></ul>
2	SPRANG skal fremje mangfold, rekruttering og publikumsutvikling	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gjennomføre prosjekt med dans i samhandling med andre kunst- og kulturformer</li><li>• Skape samarbeid og prosjekt mellom profesjonelle aktørar og amatørar både i og utanfor Hallingdal</li><li>• Opprette ungdomsakademi og workshops med fokus på folkedans og folkemusikk</li><li>• Nyte lokal kompetanse i utviklinga av tilbodet</li><li>• Tilby framsyningar for barn og unge</li></ul>
3	SPRANG skal vere ein spydspiss for norsk folkedans og folkemusikk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Arbeide for å oppnå status som regionalt fyrtårn for folkedans</li><li>• Ta vare på og formidle folkedans som kulturarv</li><li>• Vise nyskapande produksjonar, der tradisjonelle og moderne uttrykk møtast</li></ul>

Begge foto - Hallingdal dansekompani.




### 3.3 Ål bibliotek

Ål bibliotek skal vidareutviklast til eit moderne og framtidsretta bibliotek i hjartet av Ål kulturhus. Biblioteket er ein viktig møteplass i lokalsamfunnet, gratis og open for alle. Her kan ein låne, lese, oppleve, finne inspirasjon og idear, arbeide eller studere, spele og surfe. Her kan ein slå seg ned i fred og ro eller møte andre, og ta med kaffikoppen om ein vil.

Biblioteket har nasjonalt lovverk og regionale bibliotekstrategiar som rettesnor. Ål kommune er ifølgje Norsk kulturindeks (2018) nr. 8 i landet målt på utlån, besøk, aktive vaksne lånarar og deltaking på arrangement i biblioteket per innbyggjar. Ål bibliotek ynskjer å styrke denne posisjonen ytterlegare i nye, gode lokale og ved stadig utvikling av tilbodet til publikum.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Biblioteket skal vere ein møteplass for alle.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tilby funksjonelle og attraktive lokale med svært gode opningstider</li> </ul>
2	Biblioteket skal vere ein stad for livslang læring og aktiv formidling	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samarbeide tett med både oppvekst- og helsesektor</li> <li>Lage ein samarbeidsplan for biblioteket og skulane</li> <li>Tilby støtte til fjernstudentar</li> </ul>
3	Biblioteket skal praktisere delingskultur og samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> <li>Oppretthalde det sterke biblioteksamarbeidet i Hallingdal</li> <li>Styrke samarbeidet med Ål frivilligentral og andre avdelingar på Ål kulturhus</li> </ul>
4	Biblioteket skal tilby gode digitale tenester	<ul style="list-style-type: none"> <li>Syte for høg digital kompetanse blant personalet og styrke opplæringa av publikum i ulike digitale verktøy</li> </ul>
5	Biblioteket skal ivareta lokal kultur	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bygge opp ei god lokalsamling med alle lokale bok- og musikkutgjevingar tilgjengeleg</li> </ul>
6	Saman med dei andre avdelingane på Ål kulturhus skal biblioteket vera vertskap for alle som besøker huset	<ul style="list-style-type: none"> <li>Felles skrankeløsing med Ål kulturhus og Ål Utvikling i øvre foajé</li> </ul>
7	Ål bygdearkiv skal drive god forvalting av lokalt arkivmateriale	<ul style="list-style-type: none"> <li>Oppretthalde kompetansen på arkivet</li> <li>Ha gode teknologiske og digitale verktøy</li> <li>Gjere lokalhistoriske kjelder meir tilgjengelege på internett</li> </ul>



Jostein Gaarder vert bokbada. Foto: Steinar Saghaug



Elever ved Ål kulturskule. Foto: Ådne Kvammen



«Sjefens frue» Rolf Nesch

### 3.4 Ål kulturskule

Ål kulturskule er ein av dei viktigaste kulturformidlarane til born og unge i bygda. Med nye Ål kulturhus har kulturskulen fått nye salar og øvingsrom for bruk til undervisning. Kulturskulen har elevplassar innanfor dans, drama, kunst, yoga, musikkleik, elektronisk musikk og ei rekke instrumentdisiplinar.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Kulturskulen skal gje tilbod til alle born og unge som ynskjer opplæring innan kunst og kultur, og styrke elevens estetiske, sosiale og kultuelle kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vidareutvikle kjerne- og fordjupningsprogramma</li> <li>Bruke elevmedverknad i prosjekt og programmering</li> <li>Styrke kompetansen hjå lærarar i møte med meir gruppeundervisning</li> <li>Rekruttere fleire guitar til skulen på alle fag</li> <li>Setje i gang prosjekt som bidreg til integrering og inkludering</li> </ul>
2	Kulturskulen har som mål å vere ein leiande kulturskule innan kvalitet, mangfold og tverrfagleg verksemeld	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tilby spanande og kreative lærarstillingar, gjerne i samarbeid med andre kulturskular i dalen</li> <li>Vidareutvikle det regionale fordjupningsprogrammet «Dans i kulturskulen»</li> <li>Nytte aktuelle artistar og kunstnarar som gjester kulturhuset og som har høve til å halde kurs og workshops</li> <li>Tilby lærarane utøvande del/ utviklingsressurs i lærarstillingane, slik at kulturskulen kan tilby produksjonar og prosjekt i lokalsamfunnet</li> <li>Utvikle gode DKS-prosjekt i samarbeid med skulane</li> <li>Vidareutvikle samarbeid med andre kommunale avdelingar og med frivillige organisasjoner</li> </ul>
3	Kulturskulen skal ha eit tilbod som er nyskapande og i takt med samtida, samstundes som ein tek vare på dei lokale tradisjonane	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utvikle nye tilbod</li> <li>Ivareta og vidareutvikle kulturarven vår innan musikk, kunst, dans og forteljarkunst</li> <li>Ål kulturskule skal i større grad kartlegge ynskjer og behov for nye tilbod.</li> </ul>

Kulturskolen gir eit tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet og representerer ei vesentleg fordjuping utover det obligatoriske i grunnskulen. Opplæring i kulturskulefaga er individuelt tilpassa, langsiktig innretta og kan gi elevar ei livslang interesse, for nokre også eit grunnlag for yrkesutdanning innanfor kunstfag.



Huckfest. Foto: Vegard Breie



Sommarfest Ål kulturskule. Foto: Ole Johs. Brye

## 4. FRIVILLIG SEKTOR

### 4.1 Utviklingstrekk

Verdien av frivillig innsats i samfunnet er stor, både kulturelt, sosialt, fysisk, økonomisk og demokratisk. I 2018 brukte våre innbyggjarar 121 000 timer (om lag 65,5 årsverk) på frivillig arbeid innanfor kultur og fritid.

Ål kommune har eit stort og velfungerande organisasjonsliv som spenner over alle aldersgrupper og alle område av kommunen. Vi har om lag 100 registrerte lag og organisasjonar. Organisasjonane eig og driv dei fleste bygningar og anlegg for frivillig aktivitet. Kommunale driftstilskot til laga går i hovudsak til aktivitet.

Nye generasjonar av pensjonistar vil ha større breidde i interessefelt og dei vil verte ein sterkt ressurs i organisasjonsarbeidet framover.

Staten, kommunane og ei rekke frivillige organisasjonar skreiv i 2016 under på «Fritidserklæringen». Den seier at: «Alle barn skal, uavhengig av foreldra sin sosiale og økonomiske situasjon, ha mogelegheit til å delta jamnleg i minst ein organisert fritidsaktivitet.»

«Alle med» er eit verktøy for å sikre at kommunen og lag og organisasjonar har dette arbeidet høgt prioritert i arbeidet sitt.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Stimulere det frivillige organisasjonslivet til inkludering av alle, utan omsyn til utfordringar og bakgrunn	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Støtte tiltak for auka deltaking for alle i kulturlivet</li> <li>• Skape gode møteplassar med fleirkulturell aktivitet</li> <li>• Kommunen skal nytte «Alle med» og bidra til at lag og organisasjonar også nyttar dette verktøyet i arbeidet sitt</li> </ul>
2	God samhandling mellom kommunen og frivillig sektor for å dekke behov i lokalsamfunnet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidra til rekruttering av frivillige til lokale lag og organisasjonar</li> <li>• Auka og føreseielege økonomiske rammer for årlige kommunale driftstilskot</li> </ul>
3	Stort mangfold og dugnadsinnsats i frivillig sektor og lokalt kulturliv	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skape møteplasser og rekruttere frivillige til ulike aktivitetar</li> </ul>
4	Ål kommune ynskjer å legge til rette for auka deltaking i kulturlivet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablere ein digital portal med oversikt over alle aktivitetane i Ål kommune, etter mal av «Fritid 123»</li> </ul>

### 4.2 Musikk

Musikklivet i Ål femnar om fleire kor og korps, folkemusikk og folkedans. Det organiserte musikklivet er breitt samansett, og dei fleste er tilknytt Ål musikkråd.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Føremålstenelege og gode musikalske møteplassar for både amatørar og profesjonelle	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leggje til rette for øvings- og framføringslokale, både på kulturhuset og i grendehusa</li> <li>• Støtte opp om arbeidet til Fryd scene</li> </ul>
2	Vidareføre musikkrådet si rolle som talerør for det frivillige song- og musikklivet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gje støtte til dei lokale laga</li> <li>• Vere rådgjevande organ for SUKO i saker som har med musikklivet å gjere</li> </ul>
3	Ål kulturskule skal støtte opp om aktivitetar i det frivillige kulturlivet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Del av stillingane i kulturskulane i regionen vert selde ut til musikklivet med den kompetansen som tilsette ved kulturskulen har</li> <li>• Kulturskulen deltek med kulturelle bidrag i store lokale folkefestar som julegrantenninga</li> </ul>

## 4.3 Scenekunst

Scenekunst er ei fellesnemning for tradisjonelle kunstuttrykk som til dømes teater og dans. Gjennom målretta arbeid skal det offentlege legge til rette for eit mangfold av amatørverksemid innan utøvande scenekunst.

Folkedansen har lange tradisjonar og står i ei særstilling i kommunen vår. Gjennom satsinga på SPRANG har Ål har fått eit samfunnsoppdrag med å ta vare på og formidle folkedans frå Hallingdal spesielt og dans generelt. Hugnad ungdomslag har i mange år stått for den største rekruttering innan tradisjonsspel og -dans i Hallingdal.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Eit rikt lokal amatørteatermiljø	<ul style="list-style-type: none"> <li>Økonomisk støtte til lokale teaterlag sine produksjoner (til dømes Leveld teaterlag)</li> <li>Årleg driftstilskot til Buskerud teater</li> </ul>
2	Eit levande lokalmiljø innan utøvande folkedans og folkemusikk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Økonomisk støtte til lokale lag og ressurspersonar</li> <li>Støtte/ta initiativ til samarbeid med SPRANG</li> <li>Støtte opp om arbeid med folkemusikk og folkedans</li> </ul>



Knøttecup på Torpo. Foto: Torpo IL



Ål Cup Handball. Foto: Ole Johs. Brye

## 4.4 Idrettsaktivitet

Idrett er ein svært viktig aktør i det frivillige kulturlivet i Ål, med tilbod innan dei fleste idrettsgreiner. Idretten er organisert i idrettslag, klubbar, skiskyttarlag og skyttarlag. 1.600 born og ungdom er registrerte brukarar av idretten i Ål (Idrettsregistreringa, 2018).

Idrett og fysisk aktivitet er viktig innan førebyggjande helsearbeid. Ein står i dag ovanfor mange utfordringar knytt til livsstilssjukdomar, og fysisk aktivitet vil vere eit viktig satsingsområde framover.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Ha aktive idrettslag som gjev medlemmene gode sportslege tilbod i ei sosial og trygg ramme	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide for at alle idrettsinteresserte, på alle nivå, opplever meistring</li> <li>Legg til rette for at leiarar og instruktørar har relevante kurs for sine verv</li> </ul>
2	Vidareføre Ål idrettsråd si rolle som talarøy for idrettsorganisasjonane	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ha ein støttefunksjon for dei lokale laga</li> <li>Vere rådgjevande organ for kommunen/ SUKO i saker som har med idrett å gjøre</li> <li>Fornye samarbeidsavtala mellom idrettsrådet og kommunen kvart 4. år</li> </ul>
3	Legge til rette for offentleg bading i kommunale symjehallar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunalt tilskot til lokale lag som står ansvarleg for tilboden. Dersom dette ikkje lukkast, må kommunen vurdere andre løysingar.</li> </ul>



Kiteskolen.no på Bergsjøstølen. Foto: Helge Grande Stærk

## 4.5 Idrettsanlegg

Ål kommune er godt utbygd på anleggssida, men for å kunne møte framtidige krav til kvalitet er det viktig at kommunen opprettheld satsinga på gode idrettsanlegg. Ål kommune eig Ål idrettshall, medan laga eig og driv dei andre anlegga (fotballbanar, skytebanar, lysløyper, langrenn- og skiskyttaranelegg, alpinanlegg, motocrossbane, tennisbanar, ridebane, klatrefelt og sandvolleyballbanar). Det er viktig at Ål kommune opprettheld sin del av det økonomiske spleiselaget og støttar dei ambisiøse anleggseigarane.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Nærmiljøanlegg ved kvar skule, til dømes ballbinge og islagt bane, med lokale tilpassingar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samarbeid mellom kommune og idrettslag, der kommunen er utbyggjar og eigar</li> </ul>
2	Føremålstrele og moderne idrettsanlegg	<ul style="list-style-type: none"> <li>Stimulere offensiv utbygging gjennom bruk av kommunale tilskot og statlege spelemidlar</li> <li>Kommunen skal i størst mogeleg grad forskottere staten sin del av spelemidlane til nye anlegg eller opprusting av eksisterande anlegg</li> </ul>
3	Gode og føreseielege tilskot til drift og vedlikehald av idrettsanlegg	<ul style="list-style-type: none"> <li>Auka communal løying til Ål Idrettsråd, som er øyremerka til drift og vedlikehald av idrettsanlegg.</li> <li>Ål idrettsråd tilrår årleg fordeling av kommunale løyingar etter fastsett fordelingsnøkkel</li> </ul>



NM Skiskyting på Liatoppen. Foto: Knut Ivar Vestli



## 4.6 Arrangement

Ål kommune er ein arrangementskommune. Arrangementa har variasjon og breidde, med mange store idretts-, musikk- og kulturarrangement.

Arrangementa er viktige i lokalsamfunnet Ål, for fastbuande, hyttefolk og tilreisande. For lokalt næringsliv og reiseliv gjev arrangementa årleg økonomiske ringverknader på om lag 37 millionar kr, ein auke frå 20 millionar kr i 2010.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Stimulere vidareutvikling av eksisterande arrangement	<ul style="list-style-type: none"> <li>Målretta bruk av arrangementsfondet</li> <li>Fordele årlege og føreseielege tilskot til arrangement</li> <li>Styrke arrangementsfondet</li> </ul>

## 4.7 Forsamlingshus

I Ål kommune er det om lag 25 forsamlingshus innan ulike kategoriar (bedehus, grendehus, idrettshus og ungdomshus).

Det er ein tendens til at ein del av desse husa er lite brukt, men har krevjande vedlikehald. Ål kommune vil oppmøde om sal av husa dersom bruken er låg, i samsvar med målsettinga om «lys i alle glas» og for å styrke busetnaden i grendene.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Aktive forsamlingshus i kvar grend	<ul style="list-style-type: none"> <li>Støtte opp om hus som grenda brukar (aktivitet)</li> <li>Det vert gjeve tilskot til vedlikehald av forsamlingshus som ligg i grender utan kommunalt eigde bygg, og som dermed tener som grendehus, jf. Ål kommune sine retningsliner for kulturtilskot (2013)</li> </ul>

## 4.8 Sosialt frivillig arbeid

Ål kommune har dei siste åra fått styrka frivillig aktivitet som er sosialt forankra. Dette er frivillig arbeid som er basert på å hjelpe menneske i nærmiljøet, skape møteplassar i nærmiljøet eller samle inn pengar til menneske i andre delar av verda. Ål frivilligsentral (2011), Ål ungdomsfrivilligsentral (2018), Ål Røde Kors, Kafé Tid, Deaf Aid Isinya og Galleri Normisjon Ål er døme på slike organisasjonar.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Frivillig arbeid skal ha gode vilkår i kommunen	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ål frivilligsentral skal fungere som eit knutepunkt mellom ulike frivillige lag, og mellom laga og kommunen</li> </ul>
2	Tilby gratis utlån av sports- og fritidsutstyr til innbyggjarar i Ål	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utsyrrssentralen vert oppretta i 2019 med variert og funksjonelt utstyr</li> <li>Utsyret må fornyast ved behov</li> </ul>

Sundreball på Sundrehall. Foto: Knut Myking

## 5. KULTUR OG NÆRING

Kultur- og opplevingsnæringane utgjer ein aukande del av næringslivet i landet, og folk brukar stadig meir pengar på kjøp av kultur. I strategisk næringsplan for Ål kommune (2017-2020) er kultur- og kreativ næringutsvikling eit satsingsområde. Kreative næringar er definert som verksemder som nyttar kulturelle uttrykk i sine produksjonar, t.d. annonse/reklameverksemd, arkitektur, bibliotek/museum, trykte media, design, film/foto/video, utøvande kunst, musikk, TV/radio. Ål har den største næringesklynga i regionen innan IKT/media/grafisk. I Ål jobbar 89 personar innanfor ulike kulturrelaterte yrke (2018). Dette er nesten det dobbelte av landsgjennomsnittet, jamført med folketalet.

Kultur som næring har i dag ei sterk rolle gjennom Ål kulturhus og alle kulturtilboda der. Ved vidareutvikling av lokalsamfunnet Ål er det viktig med nært samspel mellom kulturliv og næringutsvikling. Store arrangement i bygda vår gjev lokal vekst og handel.

Profesjonelle kunstnarar har i alle år prega bygda, og Ål har ei rekke landskjende kunstnarar og kulturaktørar innanfor ei rekke kulturuttrykk. Det er viktig for Ål kommune å leggje til rette for at bygda også i åra som kjem kan gje vekstvilkår og kreative rom for det profesjonelle kulturlivet. Gode profesjonelle vekstvilkår gjev også positive ringverknader for amatørkulturlivet. Talet på kunstnarar som er busette i Ål har auka med 50 % sidan 2010.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Kultur skal vere ein viktig faktor i kommunen si næringutsvikling	<ul style="list-style-type: none"> <li>Målretta bruk av strategisk næringsplan og nærings- og arrangementstilskot</li> <li>Målretta satsing på å knyte til seg personar med kulturfagleg kompetanse</li> </ul>
2	Ål kulturhus skal vere eit samlingspunkt for kulturell næringutsvikling i kommunen	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tilby kontorfellesskap for næringsdrivande innanfor kulturfeltet</li> </ul>
3	Kultur som ein grunnstein i vidareutvikling av lokalt reiseliv og næringssliv	<ul style="list-style-type: none"> <li>Stimulere private initiativ</li> <li>Vidareføre samarbeid med Ål Utvikling og turistinformasjonen.</li> </ul>
4	Innbyggjarar og tilreisande skal kunne møte profesjonelle kunstuttrykk utført av lokale utøvarar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Nytte lokale, profesjonelle kulturformidlarar i presentasjonen av bygda vår</li> </ul>
5	Folkemusikkveka skal vere ein viktig arena for formidling av profesjonelle musikkuttrykk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samarbeid med SPRANG</li> <li>Vidareføre kommunale tilskot</li> </ul>



Forfattar Bergljot Kaslegard. Foto: Niklas Lello



Folkemusikar Helga Myhr. Foto: Steinar Saghaug



Fotoutstillinga «Hellbillies 25 år». Aslag Haugen og Stein Torleif Bjella. Foto: Ole Jøhs. Brye

## 6. KULTURFORMIDLING

### 6.1 Kunst og kulturformidling

Ål kulturhus er ein viktig arena for formidling av kunst og kultur. Samstundes er det viktig at også andre lokale arenaer, skular og institusjonar vert nytta.

Ål kommune skal gje innbyggjarane gode kulturopplevingar gjennom heile livsløpet. Den kulturelle skulesekken (DKS) sikrar kulturformidling til born og unge.

Alder eller funksjonshemming skal ikkje hindre møte med kunst og kultur.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Alle born og ungdom i Ål kommune skal få møte ulike kulturuttrykk formidla av profesjonelle kunstnarar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vere med i DKS si abonnements-ordning i Buskerud fylkeskommune</li> <li>Stimulere til lokale DKS-produksjonar på skulane</li> </ul>
2	Stimulere grunnskuleelevarne til eiga utøving	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lage eigne lokale/regionale produksjonar tilpassa trinna</li> </ul>
3	Ta vare på lokal identitet gjennom dialekt og nynorsk skriftspråk	<ul style="list-style-type: none"> <li>I samarbeid med Ål mållag drive haldningskapande arbeid</li> <li>Tilby identitetsskapande produksjonar gjennom DKS</li> </ul>
4	Alle eldre skal kunne oppleve ulike kulturuttrykk formidla av profesjonelle kunstnarar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Syte for drift av videooverføring frå Ål kulturhus og Ål kyrke til institusjonar</li> </ul>
5	Fleire eldre skal kunne delta i utøving av kunst og kultur	<ul style="list-style-type: none"> <li>I samarbeid med helsesektoren utvikle nye tilbod og legge til rette for bruk av eksisterande tilbod</li> <li>Vidareføre «Dørstokkmila»</li> </ul>
6	Ta vare på og utvikle særmerkte kulturarenaer i Ål	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utvikle Galleri Syningen, Hallingrosa, Nesch-museet, Stavkyrkje-museet og Torpo stavkyrkje til å bli ein endå viktigare del av kultur- og reiselivet i regionen</li> <li>I samarbeid med Ål turistinformasjon syte for at desse institusjonane vert profilerte og meir tilgjengelege for besøk</li> </ul>
7	Vidare utvikling av Leveld kunstnartun	<ul style="list-style-type: none"> <li>Støtte utvikling av kunstnartunet gjennom føreseielege driftstilkot</li> </ul>
8	Støtte Fryd scene som fast konsertarrangør	<ul style="list-style-type: none"> <li>Årleg driftsstøtte</li> </ul>



### 6.2 Kyrkja og kulturlivet

Eit aktivt kyrkjeleg arbeid er ei viktig brikke i kulturlivet i Ål. Arbeidet er prega av å vere ope og nytenkande i heile spekteret av kyrkjelege aktivitetar. Synleggjering av samarbeid mellom kyrkjelege og andre kulturelle aktørar er i seg sjølv positivt. I Ål er det også eit svært godt og raust samarbeid mellom dei ulike trussamfunna.

I Kulturutredningen 2014 (NOU 2013:4) heiter det: Den norske kirke har som folkekirke en særlig viktig rolle som formidler av kulturarven, slik den er innvevd i kirkebygg og menneskers livsritar. Kirken er en viktig arena for kirkemusikk, visuell kunst og andre kulturaktivitetar, herunder både profesjonell virksamhet og amatørkultur og fremstår flere steder i landet som en viktig kulturprodusent.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Det skal vera eit rikt kyrkjeleg liv med mange uttrykksformer. Aktivitetane skal femne vidt og inkludere alle aldersgrupper	<ul style="list-style-type: none"> <li>Godt samarbeid mellom kommunen og alle delar av kyrkja sine profesjonelle og frivillige aktørar og aktivitetar</li> <li>Føreseielege overføringer frå kommunen</li> </ul>

### 6.3 Kulturvern og museum

Ål bygdamuseum ligg på Leksvol og har 32 gamle hus. Stolphus, loft, fjøs, smie, bekkekvern, badstove, skulestove og stølsbuer, samt små og store våningshus, med og utan rosemalning.

Det er mange særmerkte kulturminne i Ål med stor lokalhistorisk verdi, som i større grad enn i dag bør gjerast tilgjengeleg for alle.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Ta vare på bygningar og gjenstandar av høg kulturhistorisk verdi	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjere Prestegardslåven (Stavkyrkje-museet) meir tilgjengeleg</li> <li>Stimulere til auka tilgang til Torpo stavkyrkje</li> <li>Restaurere Kastebue</li> </ul>
2	Synleggjere, formidle og ta vare på prioriterte kulturminne	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vidareføre "52 turar i Ål" og nettsida og appen «Outtt»</li> <li>Halde i hevd særskilde merka kulturminne</li> </ul>

Øvst: Frå utstillinga «Jens Bjørneboe» i Leveld Kunstnartun.  
Foto: Leveld Kunstnartun

Midt: Knut Bry deltek i opning av Signe Fuglesteg Luksgard si fotoutstilling.  
Foto: Steinar Saghaug

Nedst: Maske frå Ål stavkyrkje. Foto: Ole Johs. Brye

## 6.4 Kultur og natur

Kommunen skal sikre verneverdige natur- og kulturmiljø for framtida. Ein aktiv bruk av desse miljøa vil vere viktig for næringsutvikling, reiseliv, helse og livskvalitet. Det vert i åra som kjem viktig å leggje til rette for fysisk aktivitet gjennom tilkomst til naturen.

Ål kommune har mange fine område for jakt, fiske og friluftsliv. Det er ei utfordring å gjere flest mogleg merksam på aktivitetar og område, og få fleire til å nytte naturen aktivt.


Kulturlandskapet er i sterk endring, mellom anna ved attgroing. Dette vil innsnevre bruken av naturen og gjere kulturlandskapet mindre synleg.

Kulturlandskapet i Leveld har status som utvalt nasjonalt kulturlandskap (UKL).

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Leggje til rette for at flest mogeleg skal vere aktive brukarar av naturen	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vidareføre arbeidet med «52 turar i Ål»</li><li>• Samarbeid med grunneigarlag og frivillige lag og organisasjonar</li><li>• Synleggjere eksisterande og utvikle nye aktivets-tilbod i naturen</li></ul>
2	Oppretthalde kulturlandskapet i utvalde område i kommunen	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tiltak i samarbeid med grunneigarar/ landbruk for å hindre attgroing av kulturlandskapet (SMIL-midlar)</li><li>• Støtte arbeidet med UKL Leveld</li></ul>
3	Utvikle stigar for terrengsykling	<ul style="list-style-type: none"><li>• Støtte tiltak i Masterplan til Tråkk'n'roll Hallingdal</li></ul>



Uendeleg turterren. Begge foto: Vegard Breie



# 7. BARN OG UNGE

## 7.1 Om å satse på barn og unge

Ein barnevennleg og aktiv kulturpolitikk gjev grobotn for gode oppvekstvilkår. Kultur og anna aktivitet i fritida er ein verdi i seg sjølv. I eit velferdssamfunn bør barn og unge bli møtt med varierte fritidstilbod. Ungdomstida er ein fase i livet som med sine kvalitetar, spenningar og opplevingar har sin eigen verdi. Nettopp difor skal offentlege midlar nyttast for å sikre gode kår i fritidssektoren. Eit av måla med kommunalt engasjement på dette feltet er at ungdom ser heimstaden som ein aktuell stad å slå seg ned i vaksen alder. Det gjeld å gjere oppvekstvilkåra for alle barn og unge i kommunen så gode, trygge, varierte og innhaldsrike som mogeleg.

«Fritidserklæringa» er viktig for å auke deltakinga i fritidsaktivitetar. Ål kommune fekk i 2018 ein ungdomsfrivilligsentral og i 2019 ein utstyrssentral. Ungdomsarbeidaren i ungdomsfrivilligsentralen arbeider med HallUng (ungdomsrommet på kulturhuset), og har hovudansvaret for utlånssentralen.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Born og ungdom skal ha varierte tilbod innan idrett, musikk og andre kulturformer	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vidareføre satsing på frivillig sektor</li> <li>Nærare samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar</li> </ul>
2	Barn og unge skal ha medverknad på utvikling av fritidstilbod	<ul style="list-style-type: none"> <li>Oppretthalde god dialog gjennom Ål ungdomsråd</li> <li>Ungdomsarbeidar i nær dialog med målgruppa</li> </ul>
3	Auka fokus på regionalt ungdomsarbeid	<ul style="list-style-type: none"> <li>Stimulere Hallingdal Ungdomsråd</li> </ul>
4	Fange opp nye trendar innan ungdomskultur og aktivitet, som til dømes e-sport	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tilskot/frie midlar til å kunne aksjonere når ungdom sjølv tek initiativ og syner engasjement</li> <li>Engasjere Ål Ungdomsråd</li> </ul>
5	Samarbeid på tvers av kommunale sektorar, til beste for born og ungdom	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etablere rutinar for bruk av «Alle med»</li> </ul>



Øvst: Sykkelparken i Hallingdal Feriepark.  
Foto: Paul A. Lockhart

Midt: Skøytebane i Hallingdal Feriepark. Foto: Vegard Breie  
Nedst: «HallUng» på Ål kulturhus. Foto: Heidi Oskam

## 7.2 Barne- og ungdomsorganisasjonar

I Ål kommune har vi eit breitt spekter av barne- og ungdomsorganisasjonar. Døme på slike er 4H, speidalar, sundagskulelag, HÅP og Ål jeger- og fiskerforening. Hugnad ungdomslag utfører eit stort og viktig rekrutteringsarbeid innan folkedans og – musikk.

Aktiviteten i dei ulike laga har vore stabil i mange år, med gledeleg tilfang av nye lag og aktivitetar. Samarbeid mellom foreldre, kommunen og det frivillige organisasjonslivet er viktig for å få til auka deltaking.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Legge til rette for god aktivitet i laga	<ul style="list-style-type: none"> <li>Auka og føreseielege kommunale tilskotsordningar</li> </ul>
2	Aktivisere born og unge med eit mangfaldig aktivitetstilbod	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ungdomsfrivilligsentralen skal samordne og hjelpe til med marknadsføring av og rekruttering til aktivitetar gjennom bruk av «Alle med»</li> <li>Utstyrssentralen</li> </ul>
3	Redusere fråfall frå organiserde fritidsaktivitetar for born og unge	<ul style="list-style-type: none"> <li>Stimulere til nye tilbod</li> <li>Ha gode tilbod til alle, som gjev rom for deltaking både på grunn av interesse for aktivitet eller for det sosiale</li> </ul>

## 7.3 Møteplassar og uorganisert fritid

For ungdom i Ål vil delar av fritida ikkje vere fylt med organisert aktivitet. Kommunen sitt ansvar i dette er å legge til rette for gode møteplassar for sosialisering og samhandling.

Ungdommane må sjølv vere med på å ta ansvar for å utvikle og oppretthalde dette.

Nr.	Målsetting	Tiltak
1	Ungdom i Ål skal ha møtestader der dei sjølv har stor medverknad	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunen skal støtte initiativ frå ungdom for å sikre møtestader som HallUng og ungdomsklubben på Torpo.</li> <li>Kommunen skal legge betre til rette for auka bruk av musikkverkstaden i kulturhuset</li> <li>Legge til rette for aktivitet som krev spesielle lokale</li> <li>Ungdomsarbeidar tilsett i ungdomsfrivilligsentralen skal skape gode møteplassar og aktivitetar</li> <li>Oppretthalde UKM som arena for deltaking</li> </ul>

